



Deloitte AS

Dato: 26.09.2018
Vår ref.: 2016/11222-20
Dykkar ref.:

Partsbrev - Selskapskontroll av Bybanen AS - Ny oppstart

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.09.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor, Birte Bjørkelo, orienterte om korleis dei ser for seg det vidare arbeidet med denne selskapskontrollen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart m.a. orientert om at Jernbanetilsynet har gjennomført eit tilsyn av Bybanen AS sommaren 2018. Rapporten finn ein på denne lenkja:

https://www.sjt.no/globalassets/02_jernbane/pdf-jernbane/tilsyn/tilsynsrapporter/2018-12-bybanen.pdf

Av denne rapporten går det fram at tilsynet omhandlar ein del av dei same punkta som ligg i den godkjende prosjektplanen for selskapskontroll av Bybanen AS. På bakgrunn av dette vart Deloitte beden om å levere ein justert prosjektplan som tek omsyn til dette. Prosjektplanen skal leverast sekretariatet innan 01.10.2018. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

1. Deloitte vert beden om å levere forslag til justert prosjektplan for selskapskontroll av Bybanen AS i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 01.10.2018.
4. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
5. Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i møte 19.11.2018.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.